



Tore Mathiesen ivrar for breiband oppover i dalen og det kom positive signal i kommunestyret torsdag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Elisabeth Eide Tharaldsen (Framstegspartiet) fekk eit positivt svar av rådmann Trond Sætereng då ho i kommunestyret torsdag stilte spørsmål om dei fire områda i Kvinnherad som enno ikkje har breibandsdekning.**

Dei fire områda er øvre del av Uskedalen, Utåker/Holmedal, Søllesvik og Årsand og uskedelingen Tore Mathiesen tok opp saka under Dialogforum i Gamleskulen tysdag.

Kommunen har søkt gjennom fylket om statleg støtte av såkalla høyskom-midlar til desse fire gjenståande prosjekta. Desse midla skal dekkja halvparten av anleggskostnadane og det er då dekninga av resten som er eit problem.

Eide Tharaldsen spurte om kommunen ville bidra til å fullføre prosjekta. Rådmannen svara at dette eigentleg ikkje er ei kommunal oppgåve i utgangspunktet, men han tykte at det er svært lite kjekt å sjå desse fire kvite flekkane på breiband-kartet i kommunen. Difor såg han for set at kommunen kunne få til eit spleiselag saman med Kvinnherad Breiband slik at også dei fire områda får breiband.

Eide Tharaldsen ville også veta om det var best å satsa på berre breiband eller eventuelt ein kombinasjon med radiolink og rådmannen svara at han i utgangspunktet var for ei satsing berre på breiband.

Kommunen har allereie fått løfte om høyskom-midlar til dei fire attståande prosjekta. Med dekning av 50 prosent av utbyggjingskostandene er det truleg mogeleg å byggja eit fibernett opp til Haugland. Vidare oppover er det

større avstandar slik at det ikkje er mogeleg for ein kommersiell aktør å få bygt fiber med 50 prosent støtte, opplyste Mathiesen under møtet tysdag. Han streka under at hvis ein ikkje bygger ut no, går midlane attende til Staten og då vil det vera mykje vanskelegare å byggja ut seinare og då truleg utan høyskolemidlar. Eide Tharaldsen tolkar svaret ho fekk torsdag slik at sjølv om ein frist på ni månader for utnytting av høyskolemidlane går ut til hausten, vil ikkje fylkeskommunen se så strengt på denne fristen så lenge prosjektet er planlagt og i gang. Ho ser for seg at det kan bli fremja ein tidsplan for utbyggjinga for junimøtet i kommunestyret.

Av Ola Matti Mathisen